

Actis, Møre og Romsdal
v/Eivind Hasle
Skeivegen 28E
6650 Surnadal
eivhasl@online.no

Surnadal 05 03 2015

Helse- og omsorgsdepartementet
Postmottak@hod.dep.no

REDUSERT FOLKEVALD INNVERKNAD I RUSPOLITIKKEN ?

Regjeringa har sendt ut på høyring forslag om endringar i alkoholova som inneber redusert innverknad frå dei folkevalde på den lokale alkoholpolitikken. I dag må bevillingane som gjeld løyve til sal og skjenking av alkohol fornyast kvart 4.år. Det skjer etter val av nytt kommunestyre. Regjeringa ønsker no å forlenge bevillingsperiodane, slik at dei teoretisk sett kan bli evigvarande.

Actis, Møre og Romsdal, vil gå mot framlegget. Framlegget reduserer den lokale medverknaden i ruspolitikken, gir mindre sjanse for lokalsamfunnet til å drøfte og påverke alkoholpolitikken, og gjer det vanskelegare å stoppe useriøse aktørar. Sjølv om vi veit at kvaliteten på oppfølginga av alkoholova varierer frå kommune til kommune, vil det nye framlegget m.a. svekke behova for løpande skolering og oppdatering av dei folkevalde om lover og regelverk knytt til forvaltninga av alkoholova.

Actis, M&R, er elles forundra over at ei regjering som gir inntrykk av å ville flytte fleire avgjerder ned til lokal folkevald styring, samtidig går inn for å redusere den lokale kontrollen i eit så viktig folkehelse spørsmål som i ruspolitikken.

Fylkesstyret i Actis, M&R
v/ Eivind Hasle, fylkesleiar